

# BYGDE- GUT I BYEN



**ENGASJERT UTFLYTT DØL:** – Eg har sterk tilknytning til Lesja og Gudbrandsdalen og vil ta vare på historie og kultur, og i tillegg har eg fått meir interesse for korleis det var å leve her før, for

**Skrivekonkurransa  
Unge røyster vart  
lyst ut for dei med  
tilknytning til Gud-  
brandsdalen. Håkon  
Noren (24) frå Lesja  
var ikkje sein med å  
sende inn eit bidrag.**

No skal teksta hans vera med i skriftsamlinga med same namn.

**– Vil ta vare på historie og kultur**

– Det er ei personleg tekst som handlar om meg og tilknytninga du får til ein stad. Eg skriv om garden eg vaks opp på, at eg er glad i naturen og visseheita om at slektingane mine har budd der. Eg har tenkt mykje over kva det har hatt å seie for identiteten min, fortel Håkon.

Skrivekonkurransa vart sett i gang av foreininga Stiftinga G-Kul-

tur for dei mellom 16-30 år med noko å fortelje. Teksta til Håkon er basert på sannheit sidan han tek seg sjølv og heimstaden som utgangspunkt. Det som vert skildra er basert på historier han vart fortald av farmora si på garden på Leirmo. Han tykkjer det er fascinerande å prøve å forstå korleis det var å leva på Lesja for 90 år sidan.

– Temaet er veldig viktig for meg. Eg har sterk tilknytning til Lesja og Gudbrandsdalen og vil ta vare på historie og kultur, og i tillegg har eg fått meir interesse for korleis det

var å leve her før. Det verkar som om ein vert meir patriot når ein flyttar ut, spesielt når ein flytter til byen. Då prøvar ein å få fram identiteten sin som kan skilje seg frå andre. Eg trur folk får større behov for dette, seier Håkon.

**Gransking i eiga sinn**

Etter vidaregåande tok Håkon og venen Hans Avdem ei lengre reise gjennom Sørøst-Asia.

Turen vara i rundt fem månader og på den tida fekk dei to venene mykje tid til å reflektere over plas-